

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: E-post
Dato: 17.01.2014
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 911 61 458. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 9/2014	Reinheimen nasjonalpark - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 - Bruk av snøskuter for transport av utstyr og vedlikehold av buer - Skjåk Almenning		2014/217

Arkivsaksnr: 2014/217-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 15.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	9/2014	17.01.2014

Reinheimen nasjonalpark - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 - Bruk av snøskuter for transport av utstyr og vedlikehold av buer - Skjåk Almenning

Forvaltar si innstilling

A.

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.3 b) og Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b) får Skjåk allmenning dispensasjon for følgjande bruk av snøskuter (dispensasjon for transport av settefisk som i pkt. 1, og garnkasse som i pkt. 5 er gjeve med heimel i naturvernlova § 48):

- 1. Til Storhøbu med ved, propan og utstyr. Kombineras med settefisk på Leirungsvatnet, 1 tur med 2 snøskuter.
Rute: Lykreliå-Vikhø-Aursjoen-Dammen-Storhøbue. Ein vil da krysse gjennom Ottadalen LVO og vidare inn i delar av Reinheimen NP.*
- 2. Til Storvassbu med ved og utstyr. Planlagt å byte tak på hytta og beising. 3 turar med snøskuter.
Rute: Torbakken, innover langs Føysa og inn gjennom Dør til Storvatnet. Mest heile turen vil gå i delar av Reinheimen NP.*
- 3. Til Skarvedalshytta med ved og utstyr. Planlagt å byte tak på hytta og beising. 3 turar med snøskuter.
Rute; Torbakken, innover langs Føysa og vidare innover Skarvedalen til hytta.*
- 4. Til Tverråhytta med ved og utstyr til beising og golvlakking av hytta. 2 turar med 1 snøskuter.
Rute: Frå Billingen – Tordalen – Torsvatnet. Ein vil køyre i Reinheimen NP.*
- 5. Til Sveinbu med ved, garnkasse og utstyr. 1 tur med snøskuter.
Rute: Lykreliå-Vikhø-Sveinbu. Ein vil køyre gjennom delar av Ottadalen LVO.*

B.

Med heimel i naturvernlova § 48 får Skjåk allmenning dispensasjon for følgjande bruk av snøskuter:

1. *Til Leirungsvatnet med settefisk. 1 tur med 2 snøskuterar (det er naudsynt med hjelpemann). Kombinerast med tur til Storhøbue.*

Rute: Utgangspunkt Vikhø, Aursjoen, Leirungsvatnet. Ein vil krysse gjennom Ottadalen LVO og vidare inn i delar av Reinheimen NP.

2. *Til Torsvatnet, Kariløyfte, Kupvatnet, Dørtjønn i Dør og Bollvatnet med settefisk. 1 tur med 2 snøskuterar.*

Rute: Billingen, Tordalen, Torsvatnet, Kariløyfte, Kupvatnet, Bollvatnet, Dørtjønn i Dør. Alternativ rute: Torbakken, langs Føysa, via Dør, Bollvatnet og Torsvatnet. Mest heile turen vil gå i Reinheimen NP.

C.

For dispensasjon etter pkt. A og B ovanfor, gjeld følgjande vilkår:

1. Dispensasjonane gjeld for 2014, i perioden 20.01. – 22.04.
2. Transportane skal i hovudsak følgje traseane i temakart 4, vedlegg til forvaltingsplan for Reinheimen.
3. Lokalt SNO skal varslast om transporten før den enkelte tur tek til.
4. Det skal førast køyrebok, og kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkstyret innan 5. juni kvart år.
5. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.

Saksopplysningar

Skjåk allmenning har i brev dagsett 09.01.14 søkt om følgjande:

«Skjåk Almanning søker med dette om å få nytte snøskuter i utmark i 2014 til formål som vi vil gjera nærare greie for under. Søknaden gjeld også utsetting av fisk vinterstid. Det er sendt eigen søknad om motorferdsel til Skjåk kommune.

Formålet med bruk av snøskuter

1. Almenningsbuer i fjellet

Skjåk Almanning har i alt 12 almenningbuer i fjellet, og som ikkje ligg i nærleiken av bilveg. 5 av desse ligg i Reinheimen NP/Ottadalen LVO.

Almenningbuene er disponible for alle som driv med jakt, fiske, friluftsliv og ettersyn med beitedyr. Dei vert også brukt av jakt- og naturoppsyn, og i samband med SNO sine pålagte oppgåver i høve registrering av store rovdyr m.m.

Bruken av buene varierer sterkt. Medan enkelte berre har 5-10 besøk i året, kan dei mest brukte ha rundt 40-50 overnattingsdøgn og dagsbesøk, det meste under villreinjakta. Meir aktiv marknadsføring av tilbodet og bra vær, ga nesten ei dobling i bruken av buene i 2013, og vi forventar ytterlegare auke i 2014. Buene ser også ut til å bli meir nytta vinterstid.

Behovet for utkøyring av ved og utstyr vil derfor også auke som ei direkte fylgje av dette.

Buene ligg om lag 10 km frå bilveg, med unntak av Storvassbu som ligg lenger unna.

Buer i Reinheimen NP/Ottadalen LVO

Storhøbu (i Reinheimen NP)

Sveinbu (i Ottadalen LVO)

Skarvedalsbu (i Reinheimen NP)

Storvassbu (i Reinheimen NP)

Tverråhytta (i Reinheimen NP)

a. Vedlikehald

Buene treng vedlikehald med jamne mellomrom. Beising vert utført i ein syklus på rundt 6 år, dvs. at ein tek for seg eit par buer i året.

I tillegg kjem anna vedlikehald, bl.a. i samband med skadar av ulike slag, og generell slitasje.

Med nokre års mellomrom melder det seg også behov for større utbetningsarbeid, m.a. knytt til vindauge og tak. Det er planlagt byte av tak på eit par av hyttene i 2014.

b. Innfrakt ved, gass og utstyr

Dei mest brukte buene må forsynast med ved, gass og manglande utstyr kvart eller annakvart år. Enkelte treng ikkje forsyning oftare enn kvart 3. eller 4. år.

Det er ein sjølvfylgje at transporten vert godt planlagt og organisert, og at køyring avgrensast til eit minimum. Ein er innstilt på å rette seg etter alle vilkår som kommunen må setja dersom løyve vert gjeve.

2. Utkøyring av settefisk

Dei siste åra har Skjåk Almenning nytta snøskuter til utkøyring av settefisk til vatn inne i fjellet. Utsetjinga skjer da ved at det blir bora hol i isen. Metoden blir også brukt mange andre stader. Den er rimeleg, og framfor alt er overlevinga mykje betre enn for settefisk som blir boren til fjells i ryggsekk på seinsommaren. Elles er det slik at det ikkje lenger er så lett å få friviljuge til å vera med på slikt kultiveringsarbeid lengre. All settefisk kjem frå settefiskanlegget i Randsverk. Auren er av Lemonsjøstamma.

3. Gjennomføring

Dersom vi får løyve til å nytte snøskuter, vil naturoppsynet i almenningen stå for utkøyring av settefisk i månadsskiftet mars/april. Han vil også ta seg av alt enkelt vedlikehaldsarbeid, beising, og frakt av ved, gass og utstyr til buene. Alt dette arbeidet utførast mest rasjonelt og billigast om våren.

Ein ber om at køyreløyve vert gjeldane ut april månad.

Det er ein sjølvfylgje at arbeidet vert godt planlagt og organisert, og at køyring avgrensast til eit absolutt minimum. Så langt som råd vil ein dessutan prøve å kombinere fleire gjeremål, som er nemnde ovafor, på same turen. Ein er innstilt på å rette seg etter alle vilkår som forvaltningsstyresmakta må setje dersom løyve vert gjeve.

Aktuell transport med snøskuter vinteren 2014:

6. Til Storhøbu med ved, propan og utstyr. Kombineras med settefisk på Leirungsvatnet, 1 tur med 2 snøskuter.

Rute: Lykreliia-Vikhø-Aursjoen-Dammen-Storhøbue. Ein vil da krysse gjennom Ottadalen LVO og vidare inn i delar av Reinheimen NP.

7. Til Storvassbu med ved og utstyr. Planlagt å byte tak på hytta og beising. 3 turar med snøskuter.

Rute: Torbakken, innover langs Føysa og inn gjennom Dør til Storvatnet. Mest heile turen vil gå i delar av Reinheimen NP.

8. Til Skarvedalshytta med ved og utstyr. Planlagt å byte tak på hytta og beising. 3 turar med snøskuter.

Rute; Torbakken, innover langs Føysa og vidare innover Skarvedalen til hytta.

9. Til Tverråhytta med ved og utstyr til beising og golvlakking av hytta. 2 turar med 1 snøskuter.

Rute: Frå Billingen – Tordalen – Torsvatnet. Ein vil køyre i Reinheimen NP.

10. Til Sveinbu med ved, garnkasse og utstyr. 1 tur med snøskuter.

Rute: Lykreliia-Vikhø-Sveinbu. Ein vil køyre gjennom delar av Ottadalen LVO.

Generelt: På desse turane vil det og bli skifta ut defekte slangar på gassapparat, og brannslukningsapparata og røykvarslaranevil bli sjekka. Sjøppel blir frakta ut.

11. Til Leirungsvatnet med settefisk. 1 tur med 2 snøskuterar (det er naudsynt med hjelpemann). Kombinerast med tur til Storhøbue.


Rute: Utgangspunkt Vikhø, Aursjoen, Leirungsvatnet. Ein vil krysse gjennom Ottadalen LVO og vidare inn i delar av Reinheimen NP.

12. Til Torsvatnet, Kariløyfte, Kupvatnet, Dørtjønn i Dør og Bollvatnet med settefisk. 1 tur med 2 snøskuterar.

Rute: Billingen, Tordalen, Torsvatnet, Kariløyfte, Kupvatnet, Bollvatnet, Dørtjønn i Dør. Alternativ rute: Torbakken, langs Føysa, via Dør, Bollvatnet og Torsvatnet. Mest heile turen vil gå i Reinheimen NP.

Vi er rimeleg sikre på at bruk av eigen snøskuter til dei naudsynte oppgåvene ikkje vil føre til meir køyring enn om vi må nytte leigekøyrar, kanskje snarare tvert om. Fordelen med å nytte eigen snøskuter er elles at vi kan få utført vedlikehaldsarbeid på buene i samband med transporten, jf. utgreiinga framfor.

Vi meiner at Skjåk Almenning som grunneigar i utmark står i ei særstilling, jf. den allmenne bruken av almenningsbuene som er nemnt innleiingsvis, og at buene vert nytta av oppsyn og feltfolk frå SNO. Kultivering av fiskevatn kjem også allmenta til gode.»



Figur 1. Kart over området med dei fem hyttene namnsett i kartet.

Vurdering

Det er søkt om bruk av snøskuter til transport av ved, utstyr, gass, garnkasse og settfisk i Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde.

Søknaden må behandlast etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b):

«Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.»

og Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b):

«Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.»

Verneforskriftene slår fast at all motorferdsel er forbode, og transport av settfisk og garnkasse er ikkje nemnd i forskriftene. Denne delen av søknaden må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom **det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.***

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for **det samlede nettverket av verneområder** og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal **inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene.** I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan*

forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»

I Forvaltningsplan for Reinheimen heiter det:

«Motorisert ferdsel i Reinheimen nasjonalpark skal haldast på eit nødvendig minimum. Motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål (verneforskrifta §3, pkt 6.3 b for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter og utkøyring av båt, skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5a).

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrsmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på vatn 1 – 10 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.»

Vidare heiter det i forvaltningsplanen:

«Forvaltningsstyrsmakta kan for område i Skjåk allmenning gje løyve til transport av garnkasser på snødekt mark. Etter søknad kan garnkassene bli flytta mellom vatn. Transporten skal skje med leigekøyrar. Transport for oppfylling av garnkasser er ikkje tillate.»

I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 7.2 (om støy) heiter det m.a.: «Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor til fiskeutsetjingar i kultivering av vatn.» Dette må sjåast i samanheng med den etablerte praksisen med å køyre ut settefisk med snøskuter på vinteren, og inneber såleis indirekte ein aksept for dette transportføremålet.

Skjåk allmenning er landets største private eigedom, samstundes som allmenningen forvaltar stor felles verdiar, mykje på same vis som det fjellstyra gjer i statsallmenningane. M.a. så har allmenningen heimel for å tilsette eige oppsyn. Skjåk allmenning har drive ei aktiv utmarksforvaltning langt attende, og lenge før området vart verna som nasjonalpark.

Sett i forhold til eigedommen sin storleik er den omsøkte motorferdsla av svært avgrensa omfang, og knytt til aksepterte nytteføremål i vernereglane.

Tabell 1. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	Verneplan for Reinheimen gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, ved sidan av årlege og oppdaterte rapportar om

		reinen sin arealbruk.
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	Motorferdsla har eit avgrensa og oversiktleg omfang.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Ja	Motorferdsla har eit avgrensa og oversiktleg omfang.
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av tiltakshaver)	Nei	
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Ja	Bruk av snøskuter sett ikkje varige spor i naturmiljøet.

Konklusjon

Det er grunnlag for å gje dispensasjon i tråd med søknaden.